

**Sakshandsamar:**

Mari Johansen Aune

E-post: [Mari.Johansen.Aune@sfj.no](mailto:Mari.Johansen.Aune@sfj.no)

Tlf.: 93286541

Marianne Bugge

E-post: [marianne.bugge@sfj.no](mailto:marianne.bugge@sfj.no)

Ole Ingar H. Hæreid

E-post: [ole.ingar.hagen.hereid@sfj.no](mailto:ole.ingar.hagen.hereid@sfj.no)

Årdal Kommune  
Statsråd Evensensveg 4-6

6885 ÅRDALSTANGEN

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/2150-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 18.09.2019

**Svar - Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Vi viser til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel, dagsett 30.08.2019, med frist for høyring 14. oktober 2019. Fylkeskommunen hadde høyringssvar på varsel om oppstart av arbeidet med samfunnsdelen, i april 2018.

Dette er ei administrativ fråsegn til planutkastet. Høyringa vert òg handsama politisk. Saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av den administrative fråsegna og med innstilling til vedtak. Den administrative fråsegna er lagt ved den politiske saka. Dette er gjort for å kunne legge fram eit meir kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringssvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

**Forankring av samfunnsdelen**

Samfunnsdelen skal følgje opp den kommunale planstrategien for 2016-2020. I planstrategien har kommunen skildra viktige utfordringar knytt til nedgang i folketal, utfordringar knytt til rekruttering av arbeidstakarar og usikker kommunal økonomi kombinert med kostbar struktur på dei kommunale tenestene. Inntrykket er at samfunnsdelen tek føre seg mange tema som er relevante for spesielt folketalet og dermed og rekruttering.

*Vi saknar at planen konkret svarer på korleis ein skal gå fram for å redusere kostnadane knytt til dei kommunale tenestene, og korleis ein skal lukkast med å rekruttere kompetent arbeidskraft til desse tenestene. Utfordringa knytt til å utvikle og oppretthalde «to av alt» i dei to sentruma i Øvre og på Tangen, er omtala både i planstrategien og i planprogrammet til samfunnsdelen. Vi ser ikkje at samfunnsdelen svarer på denne viktige problemstillinga.*

Plan og bygningslova legg opp til at dei strategiske føringane som vert lagt i samfunnsdelen skal leggest til grunn for resten av den kommunale planlegginga. I juni 2019 kom KS med eit [fagnotat](#), der ein gjev råd knytt til samfunnsdelen som politisk styringsverktøy. Mellom konklusjonane i fagnotatet er at samfunnsdelen må vere dynamisk og uttrykke prioriteringar som er gjort. KS tilrår difor at samfunnsdelen vert vedteke tidleg i planperioden. *For å syte for sterkare politisk forankring når vi i haust går inn i ny kommunestyreperiode, bør planen vedtakast av, eller vedtakast på nytt, av nytt kommunestyre.*

Etter val av nytt kommunestyre, hausten 2019, skal det jf. pbl § 10-1 seinast eitt år etter konstituering utarbeidast og vedtakast ein planstrategi med drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, inkludert langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Utkast til ny samfunnsdel er tufta på planstrategien for perioden 2016-2020. Det er viktig at prosessen med ny planstrategi er i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel, og handlingsdelen når det gjeld dei ovanfor nemnde områda. Planane må «hengja saman» slik at dei kan fungera godt som politisk styringsverktøy.

**Handlingsdel**

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

 Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:

[post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
Heimeside:  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Telefon:

57638000

Bankgiro:

 4212 02 02000  
Org.nr :  
NO 941 388 841 MVA

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane og måla skal følgast opp i 4 - årsperioden. For at samfunnsdelen skal vere eit reelt styringsverktøy for organisasjonen, bør handlingsdelen vere så detaljert at han legg føringar for konkrete prioriteringar i budsjett. For å lukkast med dette må handlingsdelen vere tydeleg på kva innsatsområde som skal prioriterast i 4-årsperioden, kva konkrete tiltak ein skal gjere, kostnadsrammer, og kven som har ansvaret for gjennomføring.

Planen inneheld ikkje ei skildring av korleis måla vert følgt opp gjennom konkrete handlingar. I og med at det ikkje kjem tydeleg fram korleis planen held seg til kravet om at samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, tolkar vi at kapittel 3 «mål og tiltak» er tenkt å fylle kravet til handlingsdel. Hovudintrykket er at punkta som står under «korleis» i kapittel 3 svarer til dei utfordringane som er identifisert, og at desse punkta slik peiker ein retning for det vidare arbeidet med handlingsdel. Vi meiner likevel at handlingsdelen i for liten grad legg tydelege føringar for den neste 4-årsperioden.

Inntrykket vårt er at mange av tiltaka i planen har ein meir overordna karakter. Mange av tiltaka liknar effektmål, altså ei identifisering av den effekten ein ønskjer å oppnå, til dømes «syte for god kompetanse», «god kvalitet», «naudsynt rekruttering», «aktivitetar for born og unge i sentrum» osb.

Til skilnad frå dette, meiner vi at handlingsdelen bør definere konkrete tiltak, som skildrar kva som skal gjerast for å nå målsettingane i planen. Tiltaka bør i tillegg definere kven som har ansvar for gjennomføring, moglege samarbeidspartnarar, kva tiltaket kostar, og når dette skal prioriterast. Det er viktig at ein lukkast å følge opp og konkretisere tiltaka gjennom økonomiplanen. For å styrke denne koplinga bør ein tydeleggjere kostnad for tiltaka.

*Vi saknar eit avsnitt i samfunnsdelen som skildrar korleis planarbeidet har tenkt å dekke kravet om handlingsdel etter PBL § 11-1. Vidare saknar vi ein meir detaljert handlingsdel, der målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. For å sikre politisk forankring etter kommunevalet bør nytt kommunestyre vedta handlingsdelen.*

Fylkeskommunen kan vere aktuell som samarbeidspart i fleire tiltak i handlingsdelen. Dei ulike fagavdelingane vil kunne ha tiltak og program som kan vere ei støtte for kommunen sitt arbeid. Vi har og støtteordningar for tiltak innan nærings - og samfunnsutvikling.

### **Føringar for arealdelen**

For å sikre god samanheng mellom dei overordna målsettingane i samfunnsdelen og framtidig arealbruk, bør samfunnsdelen tydeleggjere føringar for arealdelen. Føringane bør konkretisere kva nye eller endra arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde. Vidare bør ein legge føringar for kvar i kommunen det kan vere aktuelt å lokalisere ulike typar arealbruk. I denne vurderinga bør ein sjå heilskaplig på utviklinga, og vurdere korleis ny arealbruk bør lokaliserast for å bygge opp under målsettingane i samfunnsdelen.

Fleire av tema som er drøfta i samfunnsdelen har direkte relevans for arealdelen, og planen har definert føringar for arealdelen knytt til satsingane mangfaldig næringsliv, variert bustadtilbod, levande sentrum og langsiktig arealbruk, og samfunnstryggleik.

*Det er positivt at planen legg føringar for arealdelen. Dette er eit godt verkty for at målsettingane i samfunnsdelen vert vidareført ved neste rullering av arealdelen.*

### **Mangfaldig næringsliv**

Det er positivt at de definerer målsettingar knytt til å skape eit meir allsidig arbeidsliv i Årdal. Mellom satsingane i samfunnsdelen er å utvikle lønsame arbeidsplassar innan reiseliv, helsenæring og kultur, samt kompetanseutvikling og knoppskyting kring basisnæringane.

Både regional plan for verdiskaping og regional plan for klimaomstilling legg relevante føringar for satsingane. Mellom satsingane i verdiskapingsplanen er «berekraftige naturopplevingar i verdensklasse» særleg relevant for Årdal si satsing på reiseliv.

I Regional plan for klimaomstilling er næringsliv og teknologi eit prioritert tema. Målet er at næringslivet i fylket har ei sentral rolle i det grønne skiftet. Oppgåva er å skape grøn konkurransekraft

og sikre vekstgrunnlag og innovasjonskraft i næringane. Samtidig legg ein grunnlaget for utvikling av nye produktive næringar, med løysingar og produkt som gjev låge utslepp og skjer innanfor naturen sine tolegrensar.

*Vi saknar at planen skildrar korleis kommunen i samarbeid med næringslivet vil bidra i det grøne skiftet, og oppmodar om at ein definerer føringar eller målsettingar knytt til berekraft for satsinga på næringsutvikling.*

### **Variert bustadtilbod**

I [regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022](#) er det definert retningslinjer for attraktive bustadar. Desse er rettleiande for korleis kommunane bør planlegge for attraktive bustadar. Eit viktig prinsipp er at det bør leggjast til rette for eit variert bustadtilbod, med utgangspunkt i kommunane si venta demografiske utvikling. Vidare bør bustadområde plasserast i tilknytning til eksisterande kollektivknutepunkt og/eller trasear.

Samfunnsdelen legg tydelege føringar om å vidareutvikle det varierte bustadtilbodet ein har i kommunen. Vidare er det ei tydeleg satsing på utvikling i dei to sentruma Årdalstangen og Øvre Årdal. Satsingane er i tråd med retningslinjene knytt til utvikling av attraktive bustader i regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022.

### **Levande sentrum og langsiktig arealbruk**

I Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur er attraktive sentrumsområde trekt fram som ein viktig faktor for å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft og innbyggjarar. Det er lagt fleire retningslinjer som kan bidra til utvikling av attraktive tettstader. For samfunnsdelen er retningslinjene knytt til planprosess særlig relevante. Retningslinjene seier mellom anna at ein bør gjennomføre stadanalyse / moglegheits - studie eller tilsvarande som grunnlag for planlegging i tettstad/sentrum. Vidare legg strategien føringar knytt til den fysiske planlegginga av sentrumsområde. Retningslinjene gjeld korleis sentrum og tettstad i kommunen bør planleggast og utformast.

I tråd med regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur skal kommunen i arealdelen til kommuneplanen avgrense sentrumsområdet. I tillegg bør ein også avgrense tettstad(ane) i arealdelen.

Det er positivt at ein i planen har trekt fram «levande sentrum og langsiktig arealbruk» som ei av satsingane. Det er og positivt at ein viser til regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur som førande for sentrumsarbeidet. Det er ei særlig styrke, og i tråd med regional strategi, at utviklinga av dei to sentruma skal bygge på stadanalysane for Øvre Årdal og Årdalstangen, og at arbeidet skal vere forankra i arealdelen til kommuneplanen. *Hovudinntrykket er at målsettingane er i tråd med satsingane i regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, og gir gode føringar for sentrumsutviklinga.* Samstundes verker det ikkje som om planen svarer på utfordringane knytt til «to av alt», som er identifisert i planprogrammet.

Det er positivt at regional plan for klimaomstilling skal vere førande for sentrumsutviklinga. I denne samanheng bør planen inkludere føringar knytt til overvasshandtering. Tilrettelegging av blå-grøne strukturar er gode tiltak, både for å handtere overvatn og for å skape gode sentrumsområde. *Vi rår til at tilrettelegging for lokal handtering av overvatn ved utvikling av blå-grøne strukturar vert inkludert i tiltaka for sentrumsutviklinga.*

Kommunane kan søkje fylkeskommunen om fagleg og økonomisk støtte til tettstadutvikling og/eller stadforming tilpassa kommunale plan – og utviklingsprosessar. Meir informasjon om denne ordninga finn ein på fylkeskommunen si [heimeside](#).

## Klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med klimaomstilling. Kommunane som planstyremakt set føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftareal og lokalt vegnett, inklusiv gangvegar og sykkelvegar.

*Det er positivt at klima er handsama som eit overordna, og sektor-overgripande tema i planen. Skal vi lukkast med klimaomstilling av samfunnet, må dette perspektivet inn i alle samfunnsområde.*

[Klimaprofil Sogn og Fjordane](#) er ein nyttig kunnskapsbase for ein samfunnsdel.

Eventuelle føringar for oppfølging av ulike typar arealstrategiar som tek omsyn til eit klima i endring bør leggast i samfunnsdelen. Vi saknar føringar for arealdelen i utkast til samfunnsdel som no ligg føre.

Vi viser òg til [Miljødirektoratet som har utarbeida ny utslippsstatistikk](#) for alle norske kommunar. Denne kan hjelpe kommunen å identifisere kva område kommunen kan redusere sine klimagassutslepp.

Det er positivt at planen har mål om å vekke og prioritere berekraftige og klimavenlege løysingar knytt til offentlege innkjøp, energibruk i bygg, og at kommunen vil utvikla og heva kunnskap og haldningar på området. Vi saknar likevel at desse punkta vert konkretisert i ein handlingsplan, med fordeling av ansvar for gjennomføring og knytt opp til økonomiske rammer.

Under punkt 5.2: Nasjonale og regionale føringar, bør de inkludera [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#).

Som del av omsyna «Klima og miljø» og «samfunnstryggleik» saknar vi at planen inkluderer overordna føringar knytt til handtering av overvatn.

## Vassmiljø

Det er positivt at regional plan for Sogn og Fjordane vassregion er inkludert i kapittel 5.2. «Nasjonale og regionale føringar». Vi saknar elles å sjå att vassmiljø som tema i planarbeidet.

*Samfunnsdelen bør definere eit generelt mål knytt til tilstanden på naturmiljø, her under bør samfunnsdelen spegle at ein skal oppnå miljømåla satt i vann - nett og regional plan for vassforvaltning. Ei høveleg plassering av dette tema kan vere under omsynet 4.1. «klima og miljø». Det bør og vere eit berande prinsipp for all kommunal planlegging at ein ikkje legg til rette for utvikling som gjer tilstanden i vassførekomstar verre. I føringane for arealdelen bør ein inkludere eit punkt om korleis arbeidet med vassforvaltning skal følgast opp i arealdelen. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen er ved å definere anten generelle føresegner og retningslinjer og/eller omsynsoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn.*

## Kulturminne

Plan- og bygningslova er eit viktig verktøy for å kunna ta vare på mangfaldet av kulturminne,

kulturmiljø og landskap. Som planmynde har kommunane ei sentral rolle i forvaltninga av kulturminna.

I 2015 vart det varsla oppstart og lagt ut planprogram på høyring for arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Årdal. Vi saknar status for arbeidet med denne planen og ei oversikt over planlagd framdrift /ferdigstilling. Ein kulturminneplan vil kunne gi eit godt grunnlag for og kunnskap om menneskeskapte historiske verdiar som bør takast omsyn til i

arealplanar. Arbeidet med forvaltning av kulturarven heng også nært saman med det å skapa attraktive nærmiljø, og kulturarven kan vere ein viktig ressurs i reiselivsutviklinga.

Vi saknar omtale av kulturminne og kulturmiljø i utkastet til samfunnsdel. Under punkt 3.6: Variert kultur og fritidstilbod står det eit kulepunkt: Ta vare på og synleggjere kulturminne og lokal identitet. Utover dette finn vi ikkje dette tema meir omtala. Mål, strategiar og tiltak for kulturminne/-miljø i kommunen bør inngå i samfunnsdelen og handlingsplanen til samfunnsdelen. Vi vil rå til at dette vert inkludert i planen.

## Samferdsel

### Kap. 4.2 Folkehelse/Kap 4.3 Samfunnstryggleik

Årdal kommune er godkjent som Trafikksikker kommune av Trygg Trafikk og fylkeskommunen. Det skal vere ei regodkjenning kvart tredje år. Kommunen bør vise til at dei er trafikksikker kommune og at intensjonane bak denne ordninga vert lagt til grunn for kommunen sitt arbeid med folkehelse og samfunnstryggleik.

### 4.3 Samfunnstryggleik

Her skriv kommunen at dei skal vere budd på uønskete hendingar og klimautfordringar. Dei viser til kva område som er mest risikoutsett for ras, men dei seier ikkje noko om kva som kan vere kritisk for næringslivet. Eit døme: Dersom vegen mellom Årdalstangen og Øvre Årdal vert stengt over lengre tid, vil det medføre store utfordringar for Hydro. Hydro er avhenging av jamleg tilførsel av råstoff, som kjem med båt til Tangen og frakta med bil til Øvre. Frå Øvre er det avhengig av å få transportert ferdige produkt på bil frå Øvre til Tangen og deretter ut til marknaden med båt.

Kommunen har ei alternativ transportåre over fjellet til Tyinkryset, men vegen er ikkje god nok til tungtransport over lengre tidsrom. Om vinteren kan denne vegen også vere stengt over lengre tid.

Ei anna utfordring kommunen vil stå overfor ved stenging av vegen mellom Tangen og Øvre er transport av folk. Her bør kommunen tenke på å ha alternative løysingar på Årdalsvatnet med ei båtløysing. For nokre år sidan vart vegen mellom Tangen og Øvre stengt i 14 dagar på grunn av arbeid med å reinske ned fjell over vegbana. Her måtte fylkeskommunen hente inn bår frå kysten og få den frakta opp i Årdalsvatnet. Det måtte også gjerast tiltak på kaier for at båten kunne legge til. Kommunen bør ha planar for å handtere ein slik situasjon.

Med helsing

Synnøve Stalheim  
plansjef

Mari Johansen Aune  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til: Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER